Delsum	20 000 000	17 000 000	31 500 000	17 000 000

Prosjekt 51408 - Gymsal/fleirbrukshall, prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - og prosjekt 70020 EPC syner ikkje ovannemnde tabell då kalkylane er avhengig av kva alternativ kommunestyret vel. Men tek vi inn kalkylane i samsvar med tilråding frå rådmann, så vert samla budsjett slik:

Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generelle tiltak	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Sektor Stab	4 000 000	1 500 000		
Sektor Oppvekst	6 450 000	3 500 000	9 500 000	4 000 000
Sektor Helse og omsorg	2 550 000	5 000 000	9 000 000	4 000 000
Sektor Samfunnsutvikling	2 000 000	2 000 000	8 000 000	4 000 000
Delsum	20 000 000	17 000 000	31 500 000	17 000 000
Prosjekt 51408 – Fleirbrukshall	8 000 000	8 000 000		
Prosjekt 61604 – Brannstasjon	15 000 000	18 000 000		
Prosjekt 70018 – EPC	7 000 000	7 000 000		
Kommunale bustadar			18 500 000	33 000 000
Sum	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000

* * *

For dei bygga som det ikkje er knytt konkrete tiltak til, syner vi til dei generelle budsjettpostane ovanfor samt EPC-prosjektet. Endeleg prioritering vil gå fram av kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2017 og kommunestyret si handsaming av EPC-prosjektet i februar 2018.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å slutte seg til investeringsplanen for kommunale bygg.

Rådmannen vil særleg peike på det ansvaret Arbeidstilsynet har pålagt Herøy kommune som arbeidsgjevar å fylgje opp med tanke på det fysiske arbeidsmiljøet for dei tilsette ved Herøy brann og redning. Det vert fremma eiga sak om dette der kommunestyret må ta stilling til forprosjekt for ny brannstasjon kontra forprosjekt for rehabilitering og tilbygg til eksisterande stasjon.

Rådmannen syner også til at fleirbrukshallprosjektet no er utgreidd og kalkulert på nytt og at det kan sjå ut til at ein kan kome i mål med dette prosjektet gjennom delfinansiering via tippemiddel og RDA-midlar samt alternativ byggemetodikk for å redusere kostnadane.

Konsekvensar for folkehelse:

Investeringar i kommunale bygg er med på å betre funksjonaliteten, trivselen og omdømmet for Herøy som ein stad å bu, besøke og arbeide. Generelle budsjettpostar knytt til asbestsanering og brannsikring bidreg også til dette.

Konsekvensar for beredskap:

Brannsikring av kommunale bygg reduserer risikoen for brann, personskader og dødsfall. Eit forsvarleg fysisk arbeidsmiljø for dei tilsette i Herøy brann og redning er viktig for å oppretthalde ein forsvarleg brannberedskap.

Konsekvensar for drift:

Ei investeringsramme på kr. 50 mill. kvart år i økonomiplanperioden medfører auke i driftsbudsjettet på omlag kr. 2,4 mill.

Fosnavåg, 17.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/831
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
146/17	Formannskapet	19.09.2017
	Kommunestyret	28.09.2017

BUDSJETTKORRIGERINGSSAK NR 1 FOR 2017

Tilråding:

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto	Ansvar	Funksjon	Opp/Ned	Sum	*)
19050 Aksjeutbytte	9011	870	Opp	500 000	1*
15400 Avsetjing til disp fond	9017	870	Opp	500 000	
10300 Ekstrahjelp	3247	254	Opp	2 900 000	2*
10900 Pensjon	3247	254	Opp	600 000	
10990 Arbeidsgjevaravgift	3247	254	Opp	500 000	
18101 Øyremerka statstilskott	3247	254	Opp	4 000 000	
10100 Fast lønn	2221	202	Opp	1 660 000	3*
10900 Pensjon	2221	202	Opp	250 000	
10990 Arbeidsgjevaravgift	2221	202	Opp	280 000	
18101 Øyremerka Statstilskott	2221	202	Opp	2 190 000	
10200 Vikarar	2221	202	Opp	1 100 000	4*
10900 Pensjon	2221	202	Opp	170 000	
10990 Arbeidsgjevaravgift	2221	202	Opp	180 000	
18101 Øyremerka statstilskott	2221	202	Opp	1 450 000	

12300 Vedlikehold og byggetenester	6031	265	Opp	400 000	5*
14900 Reserverte bevillinger	3851	242	Ned	400 000	
14700 Overføringer til andre	3111	241	Opp	400 000	6*
19400 Bruk av disposisjonsfond	3111	241	Opp	400 000	
13700 Betaling til andre	5125	380	Opp	100 000	7*
19400 Bruk av disposisjon	5125	380	Opp	100 000	

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Kommunalsjefane, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest kontroll

Vedlegg:

Samandrag av saka:

I denne saka regulerer vi ein del postar knytt til auka inntekter i bl.a. oppvekstavdelinga og pleie- og omsorgsavdelinga. Dette gjeld øyremerka tilskott som er eit resultat av høgare lønnskostnader.

I tillegg vel rådmannen å tilrå eit par tre mindre justeringar av driftsrammene til nokre avdelingar med bakgrunn i politiske vedtak.

Også skatt/ramme bør justerast, men rådmannen vel å vente med dette til neste budsjettendringssak.

Saksopplysningar:

Kommunen sitt økonomireglement gir føringar for når ein skal gjere budsjettendrivingsvedtak i politiske fora. For dei største avdelingane er det når dei reelle inntektene vert 5% over dei budsjetterte og for dei minste avdelingane er det ein sett ei avgrensing til at slik endring skal skje når dei reelle inntektene vert meir enn kr 100.000,- over dei budsjetterte.

I framlegget til vedtak har vi bak linjene sett opp eit nr og ei stjerne, slik 1*. Dett for at kvar einskild endring skal grunngjevast kvar for seg.

1*) Aksjeutbyttet frå Tussa AS vart budsjettert til om lag kr 7.095,- per aksje. Den reelle utbetalinga vart på om lag kr 8.075,- per aksje. Med 513 aksjar gir dette ein inntektsauke på om lag kr 500.000,-. Vi vel å styrke avsetjinga til disposisjonsfondet med denne summen

2*) Pleie og omsorgsavdelinga i Herøy kommune har i 2017 hatt store utfordringar knytt til ressurskrevjande brukarar. Heimetenestene tek seg av dei fleste av desse og truleg vil staten kunne refundere oss øyremerka tilskott på om lag 4,0 mill kr. Dette vel vi å regulere mot kontoane 10300 Ekstrahjelp. 10900 Pensjon og 10990 Arbeidsgjevaravgift på ansvar 3247 Eggesbøtun Heimesjukepleie sjølv om kostnadane samla sett for avdelinga vil bli ein del høgare enn 4,0 mill kr.

3*) Nasjonalt fastsett tilskott til auka lærartettleik på 1-4 årstrinn vart i statsbudsjetthandsaminga i stortinget endra til eit øyremerka tilskott. Midlane er fordelt i form av undervisningstimar til alle barneskulane basert på elevtal. Det skal rapporterast på om midlane er nytta til føremålet. Utgiftene kjem i form av lønn og sosiale utgifter.

4*) Herøy kommune får tildelt nasjonale vikarmidlar til vidareutdanning av lærarar. Vi har motteke kr 900.000,- for vårhalvåret og forventar å få ytterlegare om lag kr 550.000,- i hausthalvåret – totalt kr 1.450.000,-. Ordninga vert administrert av Utdanningsdirektoratet. Mykje spelar inn her, både søknad frå den einskilde lærar, tildeling av studieplass, storleiken på studiepermisjon og utbetaling av vikarmidlar. Dette er lønsmidlar som går til vikar på den einskilde skutlen der læraren på vidareutdanning arbeider og som vi får utbetalt som eit øyremerka statstilskott.

5*) Herøy kommune har vedteke å busetje 23 flyktningar i 2017. Det hastar no med å få busett ei familie som kjem til kommunen i haust. Vi har ein bustad på

Frøystad, men bruken over tid har vore hard og den treng ei oppgradering bl.a kjøkken og bad. For at vi skal kunne prioritere dette arbeidet må Eigedomsavdelinga engasjerast og dei må tilførast pengar då ei slik renovering ikkje har vore planlagt og ein ikkje har midlar til dette i budsjett 2017. I samråd med flyktningsavdelinga vel ein å tilrå å bruke kr 400.000,- til dette føremålet. I første omgang vel vi å dekke kostnaden frå flyktningsbudsjettet der ein i 2017 vil få større inntekter enn kostnader.

6*) Herøy kommune har no hatt si første sak med utbetaling etter Oppreisingsordninga for tidlegare barnevernsbarn, skuleheimsbarn og forsterbarn. Utbetalinga var på kr 400.000,-. Ordninga vart handsama i K-sak 99/15 og kommunen har tidlegare uttalt at midlar skulle tilførast når konkrete saker låg føre.

7*) Herøy kommune har forplikta seg med årlege utbetalningar til bl.a. idrettslag for arbeidet det utfører på idrettsbaner, turstiar etc som kommunen eig. Budsjettposten for dette har vore for lav over tid og for at Anleggs- og driftsavdelinga skal få dekt noko av dette vel ein å auke bevillinga med kr 60.000,- for 2017. Konkret gjeld saka Tjørnvåg IL og ei politisk sak frå desember 2012 som av ulike grunnar ikkje vart effektuert før i 2017 samt ei vedlikehaldsavtale for Moltu IL og grasbana på Moltustranda. Totalt betaler kommunen ut om lag kr 410.000,- i slike vedlikehaldsavtaler per år.

Det er klart at kommunen i 2017 ikkje vil få dei inntektene frå skatt og ramme som ein har budsjettert med og som ligg til grunn for budsjettbalansen. Vi har budsjettert med skatteinntekter på 275,0 mill kr medan dagens prognose tilseier skatteinntekter på om lag 260,0 mill kr. Ein reduksjon på 15,0 mill kr vil gje oss eit rammetilskott som er om lag 6,4 mill høgare enn budsjettert. Det gjer at ein, slik det ser ut no, vil få redusert dei frie inntektene med 8,6 mill kr. Dette er ein stor sum og det er nærliggande å gjere ei budsjettendring der ein tilråd bruk av disposisjonsfondet, men rådmannen vel å avvente dette til neste budsjettendringssak som kjem i november eller desember. Kanskje har vi då oppdaterte tal frå KS/departementa og kanskje har vi utsikter til meiravkastning/mindre kostnader på finansområdet. Det er i alle fall lov å håpe.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka har vi justert nokre kjende inntekts- og utgiftspostar.

Ved å gjennomføre desse skisserte endringane har kommunen etterkomme noko av det sentrale i føringar som staten gjer, nemleg at det skal vere best mogeleg samsvar mellom budsjett og rekneskap sjølv om budsjettstyringa nødvendigvis ikkje vil bli betra gjennom denne endringa.

Fosnavåg, 07.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/112
		Arkiv:	028

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
147/17	Formannskapet	19.09.2017
91/17	Kommunestyret	31.08.2017
	Kommunestyret	28.09.2017

LOKALDEMOKRATIUNDERSØKING 2017.

Tilråding:

Kommunestyret merkar seg at Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati og at det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Kommunestyret merkar seg vidare at vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Kommunestyret vil drøfte tiltak for å møte utfordringane, som har kome fram i undersøkinga, og ønskjer at KS Folkevaltprogram bistår med dette.

Særutskrift:

- Gruppeleiarane
- KS Folkevaltprogram

- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Lokaldemokrati innbyggjarar
- Lokaldemokrati folkevalde

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

Samandrag av saka:

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
17. I denne kommunen behandlar politkarane kvarandre med respekt (-0,7)

Saksopplysningar:

KS inviterte kommunane i landet til å undersøkje korleis innbyggjarar og folkevalde oppfattar lokaldemokratiet i eigen kommune. Grunnlaget for undersøkinga er at innbyggjarar og folkevalde i kommunestyret svarte på 14 spørsmål om korleis dei oppfattar lokaldemokratiet i eigen kommune. Innbyggjarane svarte på spørsmål i telefonintervju. Folkevalde svarte i tillegg på 29 spørsmål om arbeidet i kommunestyret.

Spørsmåla som vart stilte innbyggjarar og folkevalde, dekkjer ulike sider ved eit godt lokaldemokrati: påliteleg styre, ansvarleg styre, borgarnært styre og effektivt styre.

Det er så langt 17 kommunar som har gjennomført både innbyggjar- og folkevalddelen av KS Lokaldemokratiundersøking.

Påliteleg styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit påliteleg styre.

Ansvarleg styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Innbyggjarane her i kommunen er likevel noko meir positive enn landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit ansvarleg styre.

Borgarnært styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit borgarnært styre.

Effektivt styre

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Innbyggjarane her i kommunen er likevel noko meir positive enn landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi har eit effektivt styre.

Fornyning og solidaritet

Det er små avvik mellom svara frå innbyggjarane og folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Dei folkevalde meiner i større grad enn innbyggjarane at vi kommunen utviklar og fornyar seg heile tida i måten ein løyser oppgåvene på.

Om arbeidet som folkevalt

På desse spørsmåla har vi større avvik mellom svara frå dei folkevalde her i kommunen og landsgjennomsnittet. Vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

- 3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
- 4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
- 17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Eg merkar meg elles at rådmannen kjem dårlegare ut enn landsgjennomsnittet når det gjeld:

- 24. Rådmannen er flink til å synleggjere det lokalpolitiske handlingsromet i sakene (-0,2)
- 25. Rådmannen sine saksframlegg er lettfattelege (-0,2)

Vurdering og konklusjon:

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er størst avvik mellom svara frå innbyggjarane og dei folkevalde på spørsmål **B** «*Her i kommunen misbruker ikke de folkevalgte sin makt til personlig fordel*» (0,7). Det er minst avvik mellom innbyggjarane og dei folkevalde på spørsmål **F** «*Stort sett vet innbyggerne nok om forholdene her i kommunen til å bruke stemmeseddelen sin på en fornuftig måte i kommunevalget*» (0,0)

Lokaldemokratiet i Herøy har dermed ei omdømeutfordring på lik line med gjennomsnittet av kommunane. Det er likevel grunn til å merke seg at innbyggjarane her i kommunen på dei fleste spørsmåla er meir positive til lokaldemokratiet enn gjennomsnittet av kommunane i undersøkinga.

Det er elles små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Herøy har størst avvik på fylgjande spørsmål om arbeidet som folkevald:

- 3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)
- 4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)
- 17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Rådmannen rår til at kommunestyret drøftar tiltak for å møte utfordringane på desse områda.

Rådmannen vil på si side drøfte tiltak for å synleggjere det lokalpolitiske handlingsromet i sakene betre og gjere saksframlegga sine meir er lettfattelege.

Fosnavåg, 03.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2017/45
		Arkiv:	60/454

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
148/17	Formannskapet	19.09.2017

AVTALE OM VEGRETT MOLTU BEDEHUS - FØRESPURNAD OM ASFALTERING

Tilråding:

Herøy formannskap viser til vedtak i K-sak 40/17. Eitt av vilkåra i avtalen er at alle kostnader med etablering og vedlikehald må grunneigarane stå for sjølve.

Søknaden vert ikkje imøtekomen

Særutskrift:

- Org nr 997 300 726, 6076 Moltustranda.

Vedlegg:

1. Skriv frå Moltu bedehus datert 28.08.2017.

Bakgrunn:

Moltu bedehus har sendt inn skriv til formannskapet der dei ber kommunen om å imøtesjå asfalt på ein ny tilkomstveg, i samband med den pågåande utbygginga av Myrabakken bustadfelt.

Saksopplysningar:

Tidligare i år kom bedehuset med søknad til kommunen om å få vegrett til sine eigedomar. Dei ønskja å knyte seg til ny veg som snart er ferdig opparbeidd i samband med utbygginga av Myrabakken bustadfelt. For å få dette til må bedehuset ha bruksrett til å krysse kommunal grunn. Kommunen var positiv til dette, og i K-sak 40/17 blei det gitt slik bruksrett. I etterkant har det blitt jobba vidare med saka, og avtale om vegrett er signert og tinglyst.

Vurdering og konklusjon:

Myrabakken bustadfelt skal asfalterast i veke 39. Som orientert i tidlegare referatsaker er ein på overforbruk i prosjektet og det er såleis ikkje økonomi til å asfaltere nye vegareal.

Viser også til K-sak 40/17, der kommunestyret behandla søknaden om vegrett. I saksutgreiinga står det at dette blir ein privat/felles veg, og at "alle kostnader med etablering, vedlikehald må grunneigarane stå for sjølve". Dette er eit av villkåra i avtalen, og rådmannen ser ikkje at det har kome nye moment i saka som gir grunnlag for å endre på dette.

Fosnavåg, 07.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

Delegerte saker frå avdelingane

DS 21/17 Kjøp av gnr. 45 bnr. 169 i Dragsund. 17.08.2017 00:00:00 Phetla Suttikarn

Referatsaker

**RS 88/17 110-sentralen sin funksjon i forhold til framtidige
responsentralar for velferdsteknologi 110-sentralen sin funksjon i
forhold til framtidige responsentralar for velferdsteknologi 30.08.2017
00:00:00 MØRE OG ROMSDAL 110-SENTRAL KF**



MØRE OG ROMSDAL 110-SENTRAL KF

Herøy kommune

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

Form nr.	Saksnummer
31.08.2017	
X 22	
Ark.kode: P	
Ark.kode: S	
J. nr.	Dok. nr.
661 F25	

Saksbehandler:
Kjetil Vikås
Tlf. 70 16 32 22

Deres referanse:

Vår referanse:
KVIK 12/8988-5 17/65115

Arkivkode:
661 F25

Dato:
30.08.2017

Vedrørende 110-sentralen sin funksjon i forhold til fremtidige responsentraler for velferdsteknologi i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal 110-sentral KF har det regionale ansvaret for mottak av nødmelding på 110 om brann, redning og akutt forurensing for 36 kommuner i Møre og Romsdal.

110-sentralen har en oppgaveportefølje vi skiller i to kategorier. Lovpålagte oppgaver vi som 110-sentral plikter å ivareta, og de ikke-lovpålagte oppgavene som styret i 110-sentralen har bestemt vi skal levere. De ikke-lovpålagte oppgavene refererer vi til som tilleggstjenester. Styret har bestemt at de tilleggstjenestene 110-sentralen leverer skal være nært beslektet til våre lovpålagte oppgaver, og som kan bidra til å verne om liv, helse og materielle verdier.

Tjenestene Møre og Romsdal 110-sentral KF leverer fordeler seg slik:

Lovpålagte oppgaver:

- Mottak av nødmeldinger om brann, ulykke og akutt forurensing.
- Mottak av nødmeldinger fra Politi og Amk.
- Trippel varsling av andre nødetater.
- Gi faglig råd og veiledning til den nødstilte.
- Sende riktig og tilstrekkelig ressurs ved en hendelse.
- Føre logg under hendelser, herunder lydlogg av samband og nød anrop.
- Mottak av automatiske alarmer fra tiltaksbygg § 13
- Varsling av FIG/sivilforsvar
- Være fagsentral for brannvesen i aksjoner

Ikke-lovpålagte oppgaver

- Mottak av automatiske alarmer fra offentlige bygg og institusjoner samt næringsbygg.
- Mottak av trygghetsalarm med brannvarsling.
- Mottak av sikringsradio fra oppdrettsnæringen.
- Mottak av heisalarm, innbrudd og andre driftsalarmer
- Overvåkingstjenester som hører inn under brannalarm og/eller brannforebyggende tiltak
- Varsling av kommunal kriseledelse

Mottak av trygghetsalarm med mulighet for tilsluttet røyk/brannmelder har vært en tjeneste vi har levert for flere kommuner siden 110-sentralen ble etablert i 2004. Både styret og administrasjonen i 110-sentralen er tydelig på at dette er en viktig tjeneste som ivaretar den

mest risikoutsatte og sårbare gruppen i samfunnet. Andelen eldre som bor hjemme og er brukere av velferdsteknologi løsninger vil øke i årene fremover. Et tidlig varsel til brannvesenet er avgjørende for å verne liv og helse ved hendelser hos denne gruppen.

I nyere tid har velferdsteknologi og løsninger for å motta og håndtere disse hatt mye fokus. Velferdsteknologien slik den fremstilles i dag tar sikte på å ivareta et langt bredere område enn dagens mottak i 110-sentralen med trygghetsalarm og tilknyttet brannalarm. Ved mottaket i 110-sentralen har vi frem til i dag kunne ta mot automatiske brannalarmer, analoge trygghetsalarmer og sikringsradio, samt heisalarm og innbrudd. I tillegg har vi tatt mot digitale trygghetsalarmer via Telenor Object som konverterer signalet fra digital til analog for vårt mottak.

Møre og Romsdal 110-sentral KF har de siste årene gjort betydelige oppgraderinger på teknisk utstyr og infrastruktur. Gjennom fornying av teknisk utstyr og etablering av redundante løsninger på alle system som er overvåket av eget teknisk personell, har 110-sentralen nær 100% oppetid på kritiske systemer. 110-sentralen har også drift, support og vedlikeholdsavtaler for våre system og nødvendige støttesystemer ved eventuelt utfall.

På våren 2014 gikk 110-sentralen til anskaffelse av nytt alarmmottak levert av Locus public safety. Det nye mottaket skulle hovedsakelig ta mot og videreføre eksisterende alarmportefølje og i tillegg være i stand til å håndtere mottak av digitale signal fra trygghetsalarm.

Locus er en kjent aktør både innen brann helse og politi med blant annet flåtestyringssystemer for nødetatene og alarmmottak for en stor del av 110 sentralene i Norge. Locus er også leverandør ved Trondheim kommune helsevakt for mottak av velferdsteknologi. Locus har over tid jobbet med løsninger for håndtering av velferdsteknologi. Som leverandør av plattform for mottak i fremtidige responsentraler tilfredsstiller Locus helsedirektoratets anbefalinger om velferdsteknologiske løsninger for kommunene.

Økonomiske konsekvenser:

110-sentralen har et driftsbudsjett på ca. 18 million hvorav 45% dekkes gjennom tilleggstenestene. Resterende dekkes gjennom brukerbetaling fra kommunene som i dag utgjør 38,- pr innbygger.

Mottak av trygghetsalarm gir foretaket en inntekt på ca. 1,6 million. Dersom inntektene fra trygghetsalarm slik de er i dag tas ut til drift av responsentraler, vil 110-sentralen måtte dekke inn tapet av disse inntektene gjennom økt brukerbetalingen som vil tilsvare ca. 6 kroner pr. innbygger fra hele fylket.

Drift av 24/7/365 mottak tjeneste med krav til høy oppetid er svært krevende og kostnadsdrivende. Sammen med vår leverandør har vi sett på muligheten for å drifte fremtidige responsentraler i regionen gjennom 110-sentralens tekniske infrastruktur. Dette vil gi disse tjenestene sikre løsninger med høy oppetid, overflyt mulighet ved stor pågang hos responsentralene, samt døgnskuttinuerlig overvåkning med eget teknisk personell. Samtidig vil det være kostnadseffektivt å utnytte løsninger som allerede er etablert og eies av kommunene.

Styret i Møre og Romsdal 110-sentral KF har gjennom vedtak besluttet at administrasjonen skal se på mulighet for utnytte den tekniske infrastrukturen og kompetansen som er opparbeidet gjennom flere år inn i fremtidige løsninger for mottak av velferdsteknologi.

Vedtak:010/17 Styret for 110-sentralen 09.06.2017

Vedtak: Styret og administrasjonen skal jobbe for at infrastruktur hos Møre og Romsdal 110-sentral blir brukt ved fremtidige responscenter for velferdsteknologi for fylkets kommuner.

Styret ber administrasjonen informere med brev til kommunene, med oppdatert informasjon om hvordan 110-sentralen sin infrastruktur kan benyttes ved etablering av responsentraler i fylket samt hvilke økonomiske gevinster dette kan gi.

Geir Thorsen
Virksomhetsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kystverket Midt-Norge
Postboks 1502
6025 Ålesund

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2013/508	K24		UTV	12.09.2017

REFERAT FRÅ MØTE MED KYSTVERKET 04092017

Deltakarar:

Kirsti Slotsvik, KS
Terje Misund, TM
Harald Tronstad, HT
Camilla Storøy, CS
Olaus J Kopperstad, OJK
Jarl Martin Møller, JMM

Stad: Kystverket sitt hovudkontor
Dato: 4.9.2017 kl 10-11.15

Tema: Fosnavåg hamn

CS innleia kort og stilte spørsmålet "kva no?" . Situasjonen viser at Fosnavåg hamn er flytta ut i tid (NTP). Vidare vil endringane som er foreslått frå nasjonalt hald med omsyn til regionreform og "oppgåveflytting" frå stat til regionleddet ha betydning for prosjektet.

KS følgde opp med ei orientering om status kring vedtak om NTP og regionreform på stortinget, uavklarte spørsmål og dei moglege utfordringar som kan kome framover utan å gå i detalj. Det vart vidare drøfta å sjå på moglege løysingar som å vurdere om Fosnavåg kan kome inn under det ein omtalar som "innseglingsprosjekt" utan å konkludere.

TM informerte om siste status på arbeidet som viser ei utfordring med massedeponiet i ytre med omsyn til stabilitet på molo. Arbeidet frå konsulent er ikkje ferdigstilt.

JMM orienterte om status for planarbeidet og framdriftsplan som tilseier eit vedtak for begge planane i desember 2017. Med dei nye opplysningane som er lagt fram i møtet idag vil nok denne tidsramma vert forskyvd noko fram i tid.

OJK følgte opp med at "bildet" er samansatt og kommunen må vurdere fleire alternative løysingar for å sikre både byutvikling, næringsutvikling og ei framtidig mudring av Fosnavåg

hamn. Ein er uroa over at prosjektet vert overført til regionalt nivå med omsyn til realisering og at tiltak som eksempelvis "Fosnavåg" hamn skal ligge i ordinær rammetildeling.

Det vart vidare diskutert korleis ein skal ta prosjektet vidare. Eit sentralt spørsmål er korleis finansiere prosjektet på kort og mellomlang sikt. Reglar kring forskottering er ikkje klare frå staten si side. Ein vurderer dette som ei løysing som ligg noko fram i tid.

Det vart vidare diskutert prosjektet Vaulane og vedlikehaldsmudring. JMM stilte spørsmål om prosjektet skulle besluttast gjennomført innan kort tid, jfr. tidlegare signal. HT og TM kunne ikkje bekrefte dette i møte. Det vart vidare diskutert dette med bruhøgder og farled i Vaulane uten å gå i detalj. Frå kommunen si side vart det presisert at det er kommunestyret sitt vedtak som er førande for kva bruhøgde som skal leggst til grunn.

Veg vidare:

- Kystverket må få på plass siste avklaringar kring forprosjektet slik at reguleringsplanane kan ferdigstillast.
- Herøy kommune må ta initiativ til eit arbeid der ein ser på moglege løysingar for Fosnavåg enten på kort eller mellomlang sikt. Aktuelle partar i slikt arbeid er Kystverket, Fylkeskommune, Fylkesmann, Departement og kommune.
- Ein må sjå på moglege synergieffektar med vedlikehaldsmudring i Vaulane .

Jarl Martin Møller
ref.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Jarl Martin Møller,
jarl.martin.moller@heroy.kommune.no - 97506761

Med helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Jarl Martin Møller
Sakshandsamar
Utviklingsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi til:

R-fsu

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2017/ 710	Saksien
15 MAI 2017	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J nr	Dok. nr.
Kassasjon	

Til ordføreren
i Herøy kommune



Ordf

Langevåg, 12.5.2017

TV-aksjonen NRK UNICEF 2017

Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017

Først og fremst ønsker jeg å takke Herøy kommune for støtten og det gode samarbeidet i forbindelse med NRK TV-aksjonen i 2016 som gikk til Røde Kors. Herøy kommune sitt engasjement er av stor betydning for TV-aksjonens gode resultater i fylket.

I forbindelse med årets TV-aksjon søker vi Herøy kommune om driftsstøtte til å dekke utgifter knyttet til drift, kontorutstyr, gjennomføring av møter, annonsering, kopiering, trykking etc.

Nytt av året er at TV-aksjonen Møre og Romsdal for første gang har fått eget kontor til daglig drift. Devoldfabrikken i Langevåg leier ut kontoret til spesialpris, og driftsstøtten vil også gå til å dekke denne subsidierte husleien. I tillegg har fylkeskommunen stilt et kontor til disposisjon i Molde.

Ved at vi nå har et eget kontor som kan brukes daglig, har vi fått plass til to frivillige medarbeidere. Dermed har vi fått ekstra kapasitet til å gi enda bedre service til kommunene i fylket vårt. TV-aksjonen jobber alltid med å få de rimeligste løsningene for drift og søker alltid muligheten for sponsering først. Eventuelt resterende midler vil etter aksjonen bli overført TV-aksjonens innsamlingskonto.


Årets TV-aksjon skal gi barn i Colombia, Mali, Syria, Pakistan og Sør-Sudan tilgang på læring. Ett av fem barn i krigs- og konfliktområder står i dag uten skolegang. Søndag 22.oktober skal ca 5000 bøssebærere ringe på hos alle husstandene i Møre og Romsdal for å samle inn penger til UNICEF. Takk for at dere er med!

I fylket vårt har vi god tradisjon for at de fleste kommunene gir et kommunebidrag til TV-aksjonen. Søknad om dette kommer senere. I denne omgang håper vi på positiv tilbakemelding på denne søknaden om driftsstøtte.

En driftsstøtte på for eksempel 4.000 kroner fra hver kommune ville nå langt for å dekke våre kostnader. Kontonummer som et eventuelt driftstilskudd kan settes inn på er: 1503.45.75441

Jeg vil til slutt også takke for all velvilje og støtte Herøy kommune har vist overfor TV-aksjonen i mange år. Dette er avgjørende for at TV-aksjonen i Herøy er så godt organisert som den er i dag og kan vise til så gode resultater.

Med vennlig hilsen
TV-aksjonen NRK UNICEF


Marius Hammer
fylkesaksjonsleder
telefon 934 11 042

TV-aksjonen NRK UNICEF
Blimed.no | Org.nr. 915 972 438

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 18.08.2017 11:23:08
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Jubileum Runde 2. september

Fra: Tronstad, Harald [<mailto:harald.tronstad@kystverket.no>]
Sendt: 16. august 2017 08:59
Til: postmottak
Emne: Jubileum Runde 2. september

Viser til samtale med Kopperstad i dag.

Ordfører Goksøyr og jeg enig om at kommunen skulle dekke utgifter til frakt av skoleelevene dersom det var av interesse å gi disse et spesielt opplegg knyttet til Runde fyrs historie uka etter jubileumsarrangementet. Etter det jeg forsto av en telefonsamtale med fungerende ordfører, hadde Arnulf informert henne om dette.

Det vises også til invitasjon sendt pr mail 28. februar. Ettersom vi ikke fikk noen tilbakemelding ble invitasjon sendt på nytt 24. mai. Den eneste tilbakemeldingen vi kan se å ha fått, etter det jeg får vite, er positiv tilbakemelding om at to skoler ønsker å delta på opplegget.

Jeg har fått med meg at skolesjefen har fått noen økonomiske utfordringer til innleie av vikar for den læreren som har kompetanse til å formidle Runde fyrs historie ute på Runde dagene etter arrangementet.

Mvh

Harald Tronstad

Regiondirektør
Kystverket Midt-Norge
+47 957 63 867
+47 70 16 01 30

WV
R. fsk

Nerlandsøy Vasslag SA - 2016

Taps- og vinningskonto:

Lønninger	75 050,00	Vassavgift	511 160,00
Arbeidsgiveravgift	10 816,00	Renterinntekter	139,85
Elektrisitet	34 167,07		
Rørdeler og rekvisita	141 148,17		
Honorarer	27 000,00		
Kontor.rekv/porto/tlf.	24 557,26		
Kilometergodtgjørelse	2 275,60		
Forsikringspremier	3 897,00		
Avgifter/gebyrer	1 937,00		
Andre kostander	22 279,26		
Renteutgifter	3 159,35		
Avskrivninger	100 000,00		
Overskudd	65 013,14		
SUM:	<u>511 299,85</u>		<u>511 299,85</u>

Balansekonto:

Anlegg	2 717 564,60	Andelsinnskudd	3 084 100,00
Anlegg 2020	65 187,48	Kreditorer	39 446,25
Debitorer	21 000,00	Skattetrekk	4 725,00
Nordea Bank	246 339,55	Skyldig arb.g.avg	1 351,00
Sparebanken Møre	1 591,30		
Til gode MVA	11 506,00		
Underbalanse 1/1-15	131 446,46		
Overskudd	-65 013,14		
SUM:	<u>3 129 622,25</u>		<u>3 129 622,25</u>

Nerlandsøy, 3. mai 2017

Aksel Kvalsvik
Aksel Kvalsvik

Oskar Waage
Oskar Waage

Revidert 3/5.2017

Kjartan Sund

Gebyrer Nerlandsøy Vasslag SA

For 2018

Årsgebyr for bolighus/leiligheter	kr 2800,- inkl mva
Årsgebyr for rorbu/hytter enslige pensjonister	” 1.400,- inkl mva
Årsgebyr for naust	” 700,- inkl mva
Årsgebyr næringseiendom etter avtale med styre.	

For 2016

Honorarer:

Formann /dagligleiar	kr	65.000 ,-
Nestformann	”	20.000,-
Styremeld. Pr. møte	”	1.500,-

Dekning av bruk av egen bil:

Bil pr. km	kr	3,80
Passasjer	”	1,00
Tilhenger	”	1,00

Timesats kr 250,-

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 15.08.2017 14:04:34

Til: Hilde Bringsvor Skinnes

Tittel: EIT VERDIG MONUMENT OVER MODERNE VEGBYGGING OG FINANSIERING

Fra: Pål O. Djupvik [<mailto:paal.djupvik@outlook.com>]

Sendt: 12. august 2017 17:06

Til: post@giske.kommune.no; postmottak@alesund.kommune.no; V-Postmottak; Ørsta postmottak; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; postmottak; Resepsjon postmottak; postmottak@smk.no; postmottak@sd.dep.no

Emne: 2017.08.12. EIT VERDIG MONUMENT OVER MODERNE VEGBYGGING OG FINANSIERING

Til Statsminister Erna Solberg og Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen,
og kopi til alle kommunene på søre Sunnmøre pluss Ålesund og Giske kommuner.

Eg håper de gir det samanslutta bompengeselskapet beskjed om å sette i gang bygginga av denne Garnestunellen, som er 100% sjølvfinansierende på dobbelt så kort til som Eiksundtunellen blei, (som de veit har vi på søre Sunnmøre fire bompengeselskap som alle har fastlandsamband med Ålesund og Vigra som formålsparagraf men alle har kvar sin trase som fordrar over 100 milliardar kroner frå Staten, mens sambandet via Garnestunellen kan byggast utan ei krone frå det offentlige og nedbetalast dobbelt så raskt Eiksundtunellen.

Beste helsing

Pål Vedeld Djupvik

Pål Vedeld Djupvik
Langåsen 12
6080 GURSKØY

12.08. 2017.

Til Statminister Erna Solberg og Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen,
og kopi til alle kommunene på Søre Sunnmøre pluss Ålesund og Giske kommuner.

EIT VERDIG MONUMENT OVER MODERNE VEGBYGGING.

Med den flate sjølvfinansierende Garnestunellen under Godøya kjem vi frå Ulstein til Ålesund og Vigra/Valderøya på 15-20 minutt biltur. Innsparinga i tid og kostnad mellom søre og nordre Sunnmøre blir enorm når turen kan gjerast på eit drygt kvarter, mot oppmot 2 timar mellom Garnes, Sulesund – Ålesund/Vigra i dag (om ferja passar akkurat).

Dette kan byggast umiddelbart, då alt er finansiert og langt innfor EU sine bestemmelse for stigning i tunellar. Då tunellen treng å gå ned til 300 meter under havoverflata 20 km. frå innslaget etter Garnekrysset, 1,5% stigning er i praksis flatt og den tyngste trailer har ikkje problem med å halde 100 kmt. Staten og Stortinget skal ikkje finansiere noko, derfor håper eg at Stats og Samferdselsministeren snarast gir klar signal til bompengeselskapet om å sette i gang bygginga.

Det vil vere eit verdig monument over regjeringa sin storslåtte samferdselspolitikk, og i tillegg blir ferjebilettane ein sagablott dobbelt så fort som i Eiksundtunellen, som Solvik-Olsen var her å markerte at no var der gratis passasje, takka vere autopass-avgifta blir også denne Garnestunellen nedbetalt av brukarane på få år.

Beste helsing
Pål Vedeld Djupvik



Ord

Herøy (M og R) kommune
Kommunestyret

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Regnr	Saksbeh
19 MAI 2017 Stjørdal, mai 2017	
Ansatt	
Fak. nr.	
Saks. nr.	
Dokument	

SØKNAD OM TILSKUDD FOR BUDSJETTÅRET 2018

NKS Veiledningssenter for pårørende til rusmiddelavhengige i Midt-Norge AS søker Herøy kommune om støtte til drift av senteret i 2018.

Senteret er et profesjonelt og gratis samtaletilbud for pårørende til rusmiddelavhengige og personer med risikopreget rusbruk, samt et supplement til offentlig tjenestetilbud i kommuner, spesialisthelsetjeneste og ideelle organisasjoner. Vi har tre faglig ansatte. Målet med arbeidet vårt er å bidra til at pårørende blir sjef i eget liv og får en bedre hverdag.

Senteret eies av Norske Kvinners Sanitetsforening, og tilbudet vårt dekker fylkene Nord- og Sør-Trøndelag samt Møre og Romsdal. Vi har vårt hovedkontor i Stjørdal. I tillegg gir vi månedlige tilbud ute i flere kommuner i regionen. Pr. i dag er vi i Kristiansund, Ålesund, Orkanger, Røros, Ørland og Namsos hvor hhv. kommune og sanitetsforening stiller med gratis leie av lokaler. Til disse tilbudene kommer også pårørende fra kommuner i nærheten. Det jobbes kontinuerlig med opptrapping av utevirksomheten. Vi arrangerer også en årlig konferanse med tema relatert til fagområdet vårt.

Helsedirektoratet yter midler til drift av Veiledningssenteret og vi mottar støtte fra Helse Nord-Trøndelag og lokale sanitetsforeninger. I tillegg søker vi midler fra alle kommuner i regionen vår, tilsvarende kr. 1,- pr innbygger som for Herøy kommune er **kr. 8.990,- i 2018**. Vi er også takknemlige for andre beløp. Ved å bidra økonomisk øker dere muligheten til å gi pårørende i deres kommune bedre tilgang til samtaler og oppfølging. De som støtter oss økonomisk kan også nyttiggjøre seg vår kompetanse i form av informasjon og veiledning.

Med vennlig hilsen

Karin Tuvmarken
Daglig leder
(sign.)

Les også om oss her: <http://veiledningssenter.no/midt-norge>
Og her: <https://www.facebook.com/NKSveiledningssenter/>

Pål Vedeld Djupvik
Langåsen 12
6080 GURSKØY

15.08. 2017.

Til Kommunene å Sunnmøre,

UTVIKLINGA AV SAMFERDSELEN PÅ SUNNMØRE .

Det forundrar meg at dei fleste politikarar meiner at det skal vere slutt på trafikkutviklinga på Sunnmøre no, når vi har fått fast vegsamband mellom: Øyane i ytre Herøy, Ålesund/Giske tunellane, Eiksundtunellen og Nordøyvegen, og dermed fått vekk 10 ferjesamband som er erstatta med fast veg så vi kan køyre utan tanke på ferjetider. Pluss det at bygging av faste samband er ei innsparing av milliardbeløp for folk og det offentlige som betalar underskotet på ferjedrifta.

Så viss våre 4 bompengeselskap på søre Sunnmøre hadde blitt fusjonerte til eit, så kunne selskapet bygge tunellane på FV61 GARNESTUNELLEN og VANYLVEN/SANDETUNELLEN til Hidsneset. Garnestunellen gjer at alle sørfrå kan køyre til Vigra/Valderøya og Ålesund på 15-20 minuttar, på 15-20 minuttar er folket frå Ørsta og Volda ved tunellinnslaget på Garnes, og med denne Vanylven/Sande tunellen er dei frå Vanylven og Sande også komt til Garneskrysset, og turen til Vigra/Ålesund er gjort på ein dryg halvtime for alle, og etter 3 år er der gratis passasje (dobbelt få fort som i Eiksundtunellen). ei innsparing og effektivisering utan sidestykke. Og 7-8 ferjer til blir overflødige, og kan gå heim til sine respektive rederikontorer.

Om få år er E39 som i dag ligg i Honndalen, bygt ferdig fram til Hellesylt/Stranda (vegen mellom Hellesylt og Stranda er opprusta for hundrevis av millonar kroner dei siste åra) . På Stranda blir den einaste fjordkryssinga av Storfjorden foreteken med ei hengebru 100 meter over fjorden, med ny flat tofelts-veg dei 40 km til Åndalsnes via Overøye.

Så det er å håpe at politikarane grip fatt i å får bygt desse tunellane på FV61, slik at 7-8 av dagens ferjer blir overflødige og dermed vil alle spare store beløp i tid og ferjebillett. Naturligvis Sykkylven ligg der det ligg, og viss det offentlige ikkje har råd til supsiderte ferjebillett Ørsneset-Magerholm i framtida og taksten blir som ferjebilletten Hellesylt-Geiranger. Så det blir langt å køyre til Ålesund, kanskje 60 km Straumegjerde-Stranda-Stordal-Ålesund og faktisk like langt om dei svingar til Hellesylt-Volda-Ulstein-Ålesund. Men vi får håpe at Erna og Siv får fortsette som stats og finansminister, for sjølv om staten har tapt mist 500 milliardar kroner på grunn av lav oljepris sidan 2014 så har dei i allefall klart å doble den teoretiske verdien på Statens pensjonsfond utland (Oljefondet) med 4000 milliardar kroner etter Stoltenberg sitt tap i 2013. Faktisk 267 gongar meir enn AP ved Jonas Gahr Støre sine 15 milliardar kroner skatteauke vil gi, kanskje får han folk til stemme på det men det er rart (snakk om hjernevask).

Beste helsing
Pål Vedeld Djupvik

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 16.08.2017 14:14:20
Til: Hilde Bringsvor Skinnes
Tittel: UTVIKLINGA AV SAMFERDSELEN PÅ SUNNMØRE.

Fra: Pål O. Djupvik [<mailto:paal.djupvik@outlook.com>]
Sendt: 15. august 2017 13:27
Til: post@giske.kommune.no; postmottak@alesund.kommune.no; Resepsjon postmottak; V-Postmottak; Ørsta postmottak; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; postmottak; Sande Kommune; debatt@smp.no; redaksjon@vikebladet.no; redaksjon@vestlandsnytt.no; red@mre.no; redaksjon@mørenytt.no
Emne: 2017.08.15. UTVIKLINGA AV SAMFERDSELEN PÅ SUNNMØRE.